

Fedje kommune v/Arkivleiar Signe Råheim

Kommunehuset  
5947 FEDJE

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
21/642 - 8 / KK / 304

Dato:  
11.08.2021

## Melding til Fedje kommune om vellukka produksjon av uttrekk i arkivformat og SIP-innleveringspakke

Arbeidet med å handsama uttrekk og databasedumpar som kom inn til det digitale depotet mellom 2005 og 2019 er ferdig. Det er produsert SIARD-uttrekk og SIP-innleveringspakkar (Submission Information Package) for følgjande e-arkiv og fagsystem:

System	Leverandør	Ytterår
WebSak	ACOS	2001-2013

Sjå elles vedlegg for detaljerte skildringar av systema.

Kommunane pliktar å sikre at dei i tilstrekkeleg grad har dokumentert verksemda si gjennom dei data som er deponerte. Den kvalitets- og omfangsmessige grensa for det som kan bevarast vert bestemt av kvaliteten på dei data som vert levert inn. Vi har ikke høve til å ettergå dette. Manglar på det som vert levert vil føre til manglar i det som vert bevart.

OAIS-modellen er ein internasjonal standard frå 2003 (ISO 14721). Standarden spesifiserer korleis arkivobjekt skal bevarast i autonome og sjølvdokumenterande arkivpakkar, og definerer funksjonar og prosessar for å oppretthalda lesekvaliteten og autentisiteten til arkivobjekta i eit arkivdepot over tid.

I samsvar med OAIS-standarden skal arkivskapar pakke uttrekk av arkivdata i ein SIP-innleveringspakke før deponering til langtidslagring i digitalt sikringsmagasin. Kvitteringane som ligg ved her stadfestar at kommunen har oppfylt plikta si.

Med venleg helsing

Knut Kjosås  
fagleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:  
Fedje kommune. Acos websak

1351596 11.08.2021

Kopi til:  
Eirik Netteland